



Planfagleg vurdering om krav til KU

Bakgrunn

Bakrunnen for planarbeidet er justering av ny tilkomstveg til Smiehogen/Storetrævegen og utbetring av eksisterande kryss til Bjørkelia og Jølstraholmen, då eksisterande områdeplanreguleringsplan for Smiehogen ikkje tok tak i alle utfordringar langs E39 – som i planarbeidet blei utalt burde løysast i eige prosjekt/plan.

Det vert derfor med dette gjort ei vurdering av krav til konsekvensutgreiing, jamfør forskrift om konsekvensutgreiingar FOR-2017-06-21-854, der formålet er å sikre at omsynet til miljø og samfunn vert tatt i betrakting under førebuing av planar og tiltak, og når det tas stilling til om og på kva vilkår planar eller tiltak kan gjennomførast. Det er elles opp til forslagsstillar å vurdere om planen eller tiltaket utløysar krav til KU-vurdering, som i dette tilfelle er Sunnfjord kommune.

| | |
|----------------|---|
| Forslagstillar | Sunnfjord kommune |
| Plannamn | Detaljreguleringsplan Kryss E39 Jølstraholmen – Smiehogen |
| Plan-id | 4647 720240004 |
| Dato | 09.08.2024 |

Vurdering i høve KU-forskrifta

Kva planar og tiltak som omfattast av forskrifta går fram av §§ 6, 7 og 8.

§ 6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding

Følgjande planar og tiltak skal alltid konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding:

| | |
|-----------|--|
| § 6 a) | Kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplanar etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planane fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II |
| Vurdering | Ikkje relevant. |
| § 6 b) | Reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt frå dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreia i ein tidligare plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidlegare planen |
| Vurdering | Ikkje relevant. |
| § 6 c) | Tiltak i vedlegg I som handsamast etter andre lover enn plan- og bygningsloven. |
| Vurdering | Ikkje relevant. |

Detaljreguleringsplanen vert vurdert å ikkje falle inn under § 6, og utløysar med det ikkje automatisk krav om konsekvensutgreiing.

§ 7. Planer og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutgreiast, men ikkje ha melding

Følgjande tiltak og planer etter andre lover skal alltid konsekvensutgreiast, men ikkje ha melding:

| | |
|---------------|--|
| § 7 a) | Tiltak i vedlegg II som handsamast etter energi-, vassressurs- eller vassdragsreguleringsloven |
| Vurdering | Ikkje relevant. |
| § 7 b) | Planer og programmer etter andre lover som fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II og som blir vedtatt av eit departement. |
| Vurdering | Ikkje relevant. |

Detaljreguleringsplanen vert vurdert å ikkje falle inn under § 7, og utløysar med det ikkje automatisk krav om konsekvensutgreiing.

§ 8. Planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast viss dei kan få vesentleg verknadar for miljø eller samfunn

Følgjande planer og tiltak skal konsekvensutgreiast viss dei kan få vesentlege verknadar etter § 10, men ikkje ha planprogram eller melding:

| | |
|---------------|--|
| § 8 a) | Reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt frå dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreia i ein tidlegare plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidlegare planen |
| Vurdering | Ikkje aktuelt i bakgrunn av at aktuelle tiltak er konsekvensutgreia i gjeldande områdereguleringsplan for Smiehogen, samt at ev. endringar i høve punkt 1 a) (omstrukturering av jordeigendomar) og punkt 13 (utviding eller endring av tiltak nemnt i vedlegg I og II) er vurdert å ikkje få vesentleg negative verknadar. Formålet med planen er å kome fram til ei trafikal løysing som er betre enn det som ligg til grunn i gjeldande områdereguleringsplan for Smiehogen. |
| § 8 b) | Tiltak i vedlegg II som handsamast etter ei anna lov enn plan- og bygningsloven. |
| Vurdering | Ikkje relevant. |

I bakgrunn av planens formål om ytlegare kryssutbetring og at planlagt tiltak er konsekvensutgreia i gjeldande områdeplan vert det ikkje sett som nødvendig å gjere ei vurdering om tiltaka kan få vesentleg verknad etter § 10 i KU-forskrifta.

Konklusjon – Krav til konsekvensutgreiing

Planarbeidet er vurdert opp i mot forskrift om konsekvensutgreiing. Planarbeidet omfattast ikkje av § 6 Planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding, § 7 Planar og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutgreiast, men ikkje ha melding, eller § 8 Planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast viss dei kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn. Planforslaget med tilhøyrande tiltak er i stor grad i samsvar med overordna planar og det er ikkje tiltak som er forventa å føre til vesentleg konsekvensar for miljø og samfunn. Formålet med planen er derimot å finne ei betre kryssløysing langs E39 enn det som ligg til grunn i gjeldande områderegulering.